

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3mm Fylke: N.-Trøndelag  
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Frol  
 Emne: Brynet Bygdelag: Frol  
 Oppskr. av: Arne Vardehaug Gard: Sørholt  
 (adresse): Levanger G.nr. 13 Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1.	SVAR
"Hein"	Ein heiner ljåen og ein heiner kniven .
2.	Det brukes nå både kunststein og naturstein til heiner . Når eg var ung kan eg ikkje hugsa anna enn naturstein. Slike heiner var å få kjøpt , men ein leita dei og i berg og i elvar . Eg hugsar serleg at vi fann mange gode knivheiner i ei elv som heiter Ramsåa . Elva ligg i Verdøl. Eg hugsar og ein som for og selge ljåheiner som var hogge ut av berg.
3.	Barberkniver vert skjeldan slipa, men det hendar. Ellest vert alt slipa og så heina . Så vert det heina ei tid før det vert slipa att.
4.	Eg har aldri høyrd om at ljå eller anna kvasse reidskap er tynna ut med hamar , det har vorte slipa. Det kan vera riselen på plogen.
5.	Kjenner ikkje anna reidskap en slipesteinen å slipa på i Frol. Og steinen sto på sin faste plass heime. Dei hadde då ofte med slipestein når dei var i fjellet og slog.
6.	Ljåen vart slipa , som oftast , ved kvart mål . Det hende at ein gjekk heim mitt i økta og slipa og hadde ein skamfera ljåen i stein o.l.
7.	Har aldri sett andre bryner enn av stein i Frol . Men eg har før høyrd at gamle folk kunne seigja "bryne=stikka " om vanlege heiner.

2

8. Det er bruka både å ha ljåen sittande fast i orvet og ta den av ved sliping. Den vert alltid sittande fast når ljåen er festa med teig eller reimer. Når den er festa med ljåring og trekiler, vert den oftast tatt av.

Når ein slipar held ein eggen i mot seg.

9. Stutturv er ukjend i Frol. Ein sette orvet i marka med ljåen opp, og spissen vend frå ein. Ein tok over bakken på ljåen med vinstre handa, og førde så heina langs med eggen på ljåen. Ein gong på vinstre og ein gong på høgre sida og atter vinstre - høgre, vinstre - høgre o.s.b.

10. "Hein=stråkken" var laga av tre. Oftest ein uthola older eller bjørkende.

11. Det var laga ein krok i den som ein hekta fast på slirereima, anten på sida eller beint framma.

13. Ein hadde vaten i stråkken så heina var alltid fuktig.

14. Eg har høyrd memt "Heinsverte" og den vart bruka til å sverta ler med. At den vart bruka til noe anna er ukjend i Frol nå.

17. Har aldri høyrd at heina skulle verta betre med å ligga i jord e.l. Men lenne ljåer skulle verta betre med å ligga ei tid i jorda.

18. Når "breieran (rakstekvinnfolka) var langt etter slåttekarane, kunne ein "lokka på breieran" når ein heina. Ein bruka då heina to gonger på ei side av ljåen.

Slik med draga: 2-1, 2-1, 2-1 o.s.b. Samtidig som ein slo litt med hein mot ljåen i annakvar takt.

Noko anna kjenner eg ikkje til om det som er spurd om i dette emne.

Frol er av dei bygder som først la av dei gamle former, og ljåen har såleis vore lite bruka i den siste mannsalder.

Eg, som nå er over 50 år, er vel ein av dei som var med noko i ljåslått i mine unge år, då eg budde oppmed fjellkanten. Og hadde ein morfar som eg fekk høyra mykje av.